



En Til En Arkitekter AS
Øvre Korskirkesmauet 2B
5018 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/6528 - 21/25822

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
16.04.2021

Ferdigattest - fritidsbustad, anneks og basseng gbnr 342/24 Eikeland

Administrativt vedtak: Saknr: 480/21
Tiltakshavar: Aivon Sidney Baretto
Ansvarleg søkjar: En Til En Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av hytte, oppføring av ny hytte med anneks og basseng på gbnr 342/24,79 Eikeland. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak DS 355/20 i saka 20/6528, datert 26.03.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 12.03.21 og supplert 07.04.21.
Ferdigmelding frå røyrlleggjar vart godkjent i sak 20/6382 den 14.04.21.

Skildring

Adresse:	Beitingsvegen 247
Bygningstiltak:	Fritidsbustad med anneks og basseng

Bygningsnummer:	Fritidsbustad : 300797879; anneks: 300797888
Bruksareal:	Fritidsbustad: 90 m ² ; anneks: 29 m ²
Avlaup:	Privat via slamavskiljar
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	1

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6528

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Aivon Sidney Baretto Jørgen Moes 5053 BERGEN
Gate 5

Mottakarar:

En Til En Arkitekter AS Øvre 5018 BERGEN
Korskirkesmauet
2B

